

Møteinnkalling

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato:	26.03.2014
Tid:	09:30

Møteprotokoll forrige møte finn du på Hordaland.no

Dagsorden:

- kl. 09.30-13.00: Sakshandsaming
- kl. 13.00-13.45: Lunsj
- kl. 13.45-15:00: Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Ellinor Kreybu
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 10/14	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 11/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 12/14	Årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 13/14	Landskonferansen 2014 - deltaking	2014/558	
PS 14/14	Konferanse for helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø - deltaking	2014/558	
PS 15/14	Oversikt kurs og konferansar	2014/558	
PS 16/14	Kollektivstrategi - høyringsuttale	2014/558	
PS 17/14	Brukarerfaringar om bybanen	2014/558	
PS 18/14	Førespurnad om orientering om fornying av TT-kort	2014/558	
PS 19/14	Ymse		
PS 20/14	Referatsak (Meldingar)		
RS 8/14	Referat for RMNF-AU, 12.03.2014	2014/558	
RS 9/14	Årstad vidaregåande skule - ledeliner	2014/558	
RS 10/14	Høyringsutkast til Klimaplanen for Hordaland 2014-2030	2014/12299	
RS 11/14	Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14. mai 2014	2014/558	
RS 12/14	Oversikt økonomi, per 14.03.14, RMNF	2014/558	
RS 13/14	Møteprotokoll RMNF Troms	2014/558	

PS 10/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

PS 11/14 Godkjenning av møtebok forrige møte



Arkivnr: 2014/558-36
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	12/14	26.03.2014

Årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal informere fylkestinget om aktiviteten sin med ein årsmelding som vert lagt fram for fylkestinget i juni. Frist for innlevering av årsmeldinga til administrasjonen er 21. mai for å få den med på fylkestinget 11. juni. Rådet har ikkje noko møte før etter denne fristen.

Per 17.03.2014 har innspel kome frå Harald Norheim, Kjell Søvik og Tore Svane.

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at arbeidsutvalet får fullmakt til å ferdigstille årsmeldinga slik at den vert sendt til administrasjonen innan 21. mai.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/558-37
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	13/14	26.03.2014

Landskonferansen 2014 - deltaking

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein invitasjon med elektronisk påmeldingsskjema til landskonferansen i Vest-Agder 19.-20. august 2014 for fylkeskommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Førebels program ser slik ut:

«**Dag 1 (19.08):** Kl. 10.30-11.30: Registrering/innsjekk på hotellet (hvis rommet er ferdig)

Kl. 11.30-12.30: Lunsj

Kl. 12.30: Åpning, konferansen starter

Kl. 15.30: "Ut på tur" (tilrettelagte områder, 3 alternativer)

Kl. 19.30: Fellesmiddag på hotellet m/underholdning

Dag 2 (20.08): Kl. 09.00: Konferansen starter

Kl. 15.00: Oppsummering/avslutning/"vel hjem"»

Påmeldingsfrist er 1. juni.

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser på Landskonferansen som ein viktig arena og vel derfor å gje alle medlemane ein moglegheit til å delta. Rådet vedtek å delta med følgjande medlemar på Landskonferansen 2014:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/558-38
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	14/14	26.03.2014

Konferanse for helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø - deltaking

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein invitasjon til ein Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø i regi av Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, KS og Husbanken.

Konferansen vert heldt den 8. mai på Clarion Hotell Admiral, deltakaravgift er 600 kr og påmeldingsfrist er 20. april.

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser på Landskonferansen som ein viktig arena og vel derfor å gje alle medlemmane moglegheit til å delta. Rådet vedtek å delta på Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø med følgjande medlemar:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø

I Bergen 8. mai 2014 • Hotell Admiral, Bergen



Korleis kan vi kombinere urbanisering og fortetting i byar og tettstader i Hordaland med eit helsefremjande oppvekstmiljø? Utforminga av lokalsamfunn og nærmiljø kan fremje eller hemme helse og trivsel til dei som bur der. Menneske i ulike aldrar og livsfasar med ulik kulturell bakgrunn og fysisk funksjonsevne har ulike interesser og behov. Med god planlegging og mest mogeleg universell tilrettelegging kan vi minske konfliktane og fremje fellesskapet. Kan vi også leggje til rette for eit rikare sosialt fellesskap gjennom fortetting?

Hald av 8. mai. Då blir desse spørsmåla drøfta på konferanse i Bergen. Der vil vi presentere kunnskap om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø og vise eksempel frå inn- og utland.

Vi vonar konferansen skal vere ein møteplass for politikarar og planleggjarar i kommunar, frivillige organisasjonar og kompetanse- og forskingsinstitusjonar.

Sett av dagen no!



Arkivnr: 2014/558-43
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	15/14	26.03.2014

Oversikt kurs og konferansar

Samandrag

Administrasjonen har byrja ein oversikt over dei konferansane rådet har verte invitert til. AU ønskjer å sjå ein oversikt over kva konferansar ein har delteke på, kva ein planlegg å delta på og økonomi i samband med dette.

Vedlagt er ein oversikt over økonomien under «Kurs og konferansar» og ein oversikt over konferansar ein har fått invitasjon til i år.

Som ein kan sjå frå økonomioversikten har ein så langt registrert kr 3 000 i kostnader, men det talet er nok ein del høgare. Av konferansar som ein vel å delta på framover er særskilt Landskonferansen som vil kome på omtrent kr 40 000, dersom alle ønskjer å delta.

Ein må anta at 55 00 kr er knytt opp til konferansar vi har delteke på eller har bestemt at vi skal delteke på. Da står ein igjen med kr 39 000 å bruke på Kurs og konferansar. Når temadagen er over og betalt for er det mogleg at ein vil ha midlar til overs som kan verte flytta til Kurs og Konferansar, om ein ønskjer det.

Når det gjeld typar konferansar ein får invitasjon til og som rådet deltek på er det i hovudsak konferansar som går på tvers av funksjonsnedsettingar, med eit mindretal som gjeld spesifikke funksjonsnedsettingar. Det kan, som ein har påpeke tidlegare, vere fordi ein lett får invitasjonar frå konferansar ein har delteke på før. Om rådet har trong for fagleg påfyll som går på meir spesifikke funksjonsnedsettingar betyr det at medlemmane må finne informasjon om dei og spele dei inn til arbeidsutvalet.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle
rådgievar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

DRIFT FOR M A R S 2014

Revidert budsjett
R3/(1000 kr.)

Kostn.st.: 10032003 Kurs og konferanser Leder:

Konto	REGNSKAP MÅNEDEN	BUDSJETT MÅNEDEN	AVVIK	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	AVVIK	BUDSJETT 2014
Kostnader:							
<u>10820</u> Tapt arb.forteneste pol.arbe				1		-1	
<u>10990</u> Arbeidsgjevaravgift							
<u>11600</u> Bilgodtgjersle, oppgaveplikt							
<u>11700</u> Reiseutgifter, ikkje oppgave				1		-1	
<u>14290</u> MVA utanfor mva-loven							
SUM Kostnader:				3		-3	

Inntekter:

<u>17290</u> Kompensert mva.							
NTO DRIFT				3		-3	
NETTO Kurs og konferanser				3		-3	

Arrangør	Tema	Tid	Stad	Alle	Rørlehemma	Synshemma	Hørselshemma	Utviklingshemma	Allergikarar	Deltaking frå rådet	Pustevei	
Samarbeidsrådet for	Lungesjukdommar - eit skikkeleg pes, Lokalsjukehus	25.-26. mars	Voss								x	1
Husbanken	Universell utforming - nærsynt eller vidsynt	28.jan	Motorhallen, Solheimsvik	x								2
Fagakademiet	Rådet for menneske med nedsett funksjonsemne	26.mar	Hotel Augustin	x								0
Husbanken	Handicakorganisationernes Hus - verdens mest unvi	15.jan	Rådhuset i Bergen	x								2
Deltasenteret	Deltatransport, transportfaglig nettverk for universe	11.mar	Gardermoen	x								2
Deltasenteret	Kurs om UU for svaksynte	27.-31. mars	MS Color Fantasy og Atlantic Hotel Kie	x								
UD2014	International conference on Universal Design	16.-18. juni	Lund, Sverige	x								
Stiftelsen SOR	Selvbestemmelse til besvær	24.-25. april	Scandic Bergen City						x			1
Landskonferansen	?	19.-20. august	Kristiansand	x								
HFK + +	Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og næ	08.mai	Hotell Admiral, Bergen	x								



Arkivnr: 2014/558-39
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	16/14	26.03.2014

Kollektivstrategi - høyringsuttale

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein invitasjon til å kome med ein uttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune. Frist for uttale er 11. april. Rådet har ikkje fleire møter før fristen.

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein høyringsuttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune basert på innspel frå rådsmedlemene.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/558-44
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	17/14	26.03.2014

Brukarerfaringar om bybanen

Samandrag

På førespurnad frå Tore Svane, FFO, sendte to medlemsorganisasjonar inn følgjande innspel til bybanen: Frå Foreningen for muskelsyke Hordaland/Sogn og Fjordane:

«Som hyppig bruker av Bybanen, og medansvarlig for rapporten som NHF Bergen og NHF Sørvest utarbeidet om Bybanen etter åpningen av første byggetrinn i juni 2010 har jeg noen erfaringer:

- Rømning/evakuering:
Mitt forslag er at når nye og lengre vognsett kommer i drift ved åpning av Bybanen til Flesland skal vognsettet ha skinner ombord til å evakuere rullestolbrukere. Har ikke opplevde det selv, men ser fra media at Bybanen har hendelser der passasjerene må forlate vognene utenfor perrongområdet. Skinner vil da kunne være til stor nytte ved evakuering av en stor og tung el.rullestol.
- Reservert parkering ved av-/påstigning:
Parkeringsplassen ved Skjoldskiftet (4), Skjold (3) og Lagunen (7) oppmerkede HC-park.plasser. Bor i området, og har inntrykk av at de står mye ubenyttet. Sitat fra Skyss sin nettside:
*Som bevis på at du har gyldig PeriodeSkyss treng du ein oblat i frontruta på bilen din.
Oblatordninga gjeld måndag til fredag mellom kl 08.00-16.00 (06.00-18.00 på Os), ikkje helgedagar.
Elles er parkeringsplassane open for alle. Maksimal parkeringstid er 20 timar.*
Oblatordninga gjør nok disse parkeringsplassene lite anvendelig for mange personer med nedsatt funksjonsevne som gjerne ikke skal parkere der hver dag, men mere på impuls, alt etter vær, føre og dagsform. Mitt forslag er at det skal hold med HC-parkeringskort for å benytte HC-parkeringsplassene uansett dag og tid på døgnet. Skyss må fjerne krav om oblat på biler som har HC-parkeringskort. Kanskje vanskelig å kreve flere HC-park.plasser når de mest sannsynlig blir stående ubenyttet?
- Innfesting av rullestol:
Pr. i dag er det ikke mulig med innfesting av rullestol i bybanevognene. Dette har vært etterlyst av brukere ved flere anledninger. En tung el.rullestol, gjerne med våte hjul vil ved en oppbremsing kunne gi en farlig situasjon hvis rullestolen kommer i bevegelse. Nye, større vognsett til Flesland med lang reisestrekning, er det viktig å få på plass mulighet for innfesting av rullestol.
- Rullestol/barnevogn/bagasjeplass:
Kamp om disse plassene. For få plasser. Til tider kommer jeg som rullestolbrukere bare like innenfor dørene og blir stående i trafikken for passasjerne ut, og inn av vognen. Ubehagelig, lite hyggelig for medpassasjerer, og absolutt en sikkerhetsrisiko ved en evakuering.
Nye vognsett på ha enda flere plasser for rullestolbrukere/barnevogner.
- Glippe/nivåforskjell mellom vogn og perrong:

Ansvarlig for byggetrinn 3 må påse at nivåforskjell og glipe mellom vogn og perrong prosjekteres, og bygges med minimum av kant og avstand.

- Bybanevert:

Ett forslag som har vært luftet tidligere. D.v.s en ansatt som har sine arbeidsoppgaver i vognsettet. Vil ha en preventiv virkning i forhold til snikere (mindre behov for vektere til bill.kontroll), assistere ved evakuering og andre hendelser, hindre herværk og tilgrising, påse at reisende ikke samler seg ved, og blokerer dørene, at rullestolbrukere og barnevogner kommer frem til, og kan benytte anviste plasser. Assistere med sikring av rullestol for de som ønsker det, pluss andre serviceoppdrag til de reisende.»

Frå HLF Bergen:

«1. Mangler display med info om årsaker til plutselige stans, forsinkelser o.l. Dette ble lovet å være på plass i 2014 senest. Det som sies over høyttaler må også vises på display. (flytoget i Oslo klarer det?)

2. Dårlige høyttalere med ustabil lyd/skurring som gjør det vanskelig for alle å oppfatte hva som blir sagt.

3. Tilsvarende tekstmeldinger bør også kunne vises på displayene på den enkelte stasjon. (kan de få Clear channel til å betale det?)

4. Skrankeslynge MÅ og SKAL være på ALLE utsalgssteder, ikke nok at det kun er installert 1 sted (virker det, er det slått på?). Brudd på diskriminering og tilgjengelighetsloven?»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskja å sende innspela på vegne av RMNF for å gje dei meir tyngde. Tilbakemeldingane frå rådsmedlemmane har vore for få til å kunne ta ein avgjerd.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

NotatDato: 19.03.2014
Arkivsak: 2014/558-46
Saksbehandlar: mernord

Til:	Ingeborg Borgen Takle
Frå:	Merethe Helland Nordnæs

Førespurnad om orientering om fornying av TT-kort

Vi viser til Dykkar brev av 6. mars d.å. angående fornying av TT-kort. I brevet vert det vist til at på tross av at ein har ein livsvarig funksjonsnedsetting må ein likevel søkja om fornya godkjenning av TT-kortet kvart 4. år. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om ein kort skriftlig orientering om kva som er bakgrunn for denne ordninga og kva som eventuelt må verte gjort for å gjere ein endring på den.

Transportordninga for funksjonshemma er eit ikkje lovfesta tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. Ordninga skal såleis ikkje erstatte eit mangelfullt rutetilbod. Transportordninga gjeld fritidsreiser. Rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte er prioriterte i ordninga, men andre med nedsett mobilitet kan og søkje.

Vi registrerar at mange søkjarar med konstatert varig funksjonshemming som til dømes rullestolbrukarar, reagerer på at dei må senda inn ny søknad når godkjenningsperioden er over. Dei held fram at det ikkje er noko endring i deira helsetilstand, og likevel må dei ta arbeidet med å sende inn ny søknad. Dette temaet har vore drøfta av den fylkeskommunale legenemnda, samt i politisk sak av 20.10.2010.

Samferdselsavdelinga har no retningslinjene for TT-ordninga til vurdering, og vi forbereder ein politisk sak om mellom anna spørsmålet om fornying av TT-kortet. Vi har i dag ein fast praksis på at ved konstatert varig funksjonshemming som til dømes blinde og rullestolbrukarar med varige kroniske lidingar, så får søkjaren ein livsvarig godkjenning.

Med venleg helsing
Merethe Helland Nordnæs
samferdselsavdelinga

PS 19/14 Ymse

PS 20/14 Referatsak (Meldingar)

Møtereferat

Dato: 13.03.2014

Til stades:	Ellinor Kreybu, leiar Harald Norheim, nestleiar Ingeborg Borgen Takle, rådgjevar		
Forfall:			
Emne:	Referat for RMNF-AU, 12.03.2014	Sak:	2014/558-40
Møtetid:	09:00-11:30	Møtestad:	Fylkesutvalssalen

Møteleiar: Ellinor Kreybu**Referent: Ingeborg Borgen Takle**

Sak 5/14 Orienteringar i rådsmøter

Følgjande orienteringar har vorte ønska frå rådet i tida framover:

- Opplæringsavdelinga: Fråfall i vidaregåande skule
- Kulturavdelinga: Dialog med kultursjefen
- TT-kortet: fornying kvart 4. år, sjølv ved livsvarig skade
- Grieghallen: Rehabilitering
- DNS: Døvetolking og talet på oppsetjingar
- Organisasjonsavdelinga: Personaldirektør Geir Davidsen og kommunikasjonsdirektør Janne Vernø

Det er ønskeleg at orienteringa si dagsaktualitet avgjerd om dei vert prioritert, ikkje talet på orienteringar.

AVGJERD

I samband med desse orienteringane tek AU følgjande avgjerdslo:

- Opplæringsavdelinga: Ved førespurnad om orientering fekk ein til svar at dei ikkje hadde moglegheit til å stille på møtet 26. mars. AU sendar ein førespurnad til Opplærings- og helseutvalet om ein orientering frå dei, da administrasjonen ikkje kan møte.
- Kulturavdelinga: Sendar ein ny førespurnad om 26. mars. Dersom ikkje kultursjefen Anna-Elisa Tryti kan stille ber AU om at utviklingssjef Ronny Skaar stillar i staden.
- TT-kortet: Ein førespurnad er sendt til samferdselsavdelinga om ein kort skriftleg orientering. Ein purring vert sendt.
- Grieghallen: Svar på førespurnad er at dei har møte angående rehabiliteringa heile dagen 26. mars. Eit brev vert sendt der ein minner Grieghallen på fristen til 2019 og der ein ber om ein orientering på neste møte 13. juni.
- DNS: Da DNS kjem på temadagen for å prate om nett døvetolking vel ein å sjå om ein får den informasjonen ein ønskjer der, eller om det framleis er trong for ein særskilt orientering.
- Organisasjonsavdelinga: Ein førespurnad vert sendt om dei kan kome på rådsmøte 26. mars.

På neste møte ber ein om å få følgjande orienteringar:

- Opplæringsavdelinga: Fråfall i vidaregåande skule
- Kulturavdelinga: Dialog med kultursjefen
- Organisasjonsavdelinga: Personaldirektør Geir Davidsen og kommunikasjonsdirektør Janne Vernø

Sak 6/14: Årsmelding 2013

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal informere fylkestinget om aktiviteten sin med ein årsmelding som vert lagt fram for fylkestinget i juni. Frist for innlevering av årsmeldinga til administrasjonen er 21. mai for å få den med på fylkestinget 11. juni. Rådet har ikkje noko møte før etter denne fristen.

Innspel har kome frå Harald Norheim, Kjell Søvik og Tore Svane.

AVGJERD

Årsmelding 2013 vert ein sak på neste møte med følgjande forslag til avgjerd:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at arbeidsutvalet får fullmakt til å ferdigstille årsmeldinga slik at den vert sendt til administrasjonen innan 21. mai.»

Sak 7/14 Temadag 3. april 2014, «Grenselaus kultur?»

Program er nesten spikra og førebels program er sendt til alle kommunale råd, alle kommunar og til kulturinstitusjonar i Hordaland. Dagen vert heldt på Radisson Hotel Norge. Per 12.03.2014 var det 17 påmeldte, av dei var det 5 frå kommunale råd. Det er gledeleg at så mange eksterne er interessert i konferansen, men ein ønskjer høgare deltaking frå kommunale råd.

På dagen er det ønskjeleg at Kjell og Harald tek seg av registreringa og at Ellinor og Harald leiar dagen og introduserer innleiarane.

AVGJERD

Temadag 3. april 2014, «Grenselaus kultur?», vert orientert om under Ymse på neste rådsmøte.

Sak 8/14 Landskonferansen 19.-20. august

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein invitasjon med elektronisk påmeldingsskjema til landskonferansen i Vest-Agder 19.-20. august 2014 for fylkeskommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Førebels program ser slik ut:

«Dag 1 (19.08): Kl. 10.30-11.30: Registrering/innsjekk på hotellet (hvis rommet er ferdig)

Kl. 11.30-12.30: Lunsj

Kl. 12.30: Åpning, konferansen starter

Kl. 15.30: "Ut på tur" (tilrettelagte områder, 3 alternativer)

Kl. 19.30: Fellesmiddag på hotellet m/underholdning

Dag 2 (20.08): Kl. 09.00: Konferansen starter

Kl. 15.00: Oppsummering/avslutning/"vel hjem"»

Påmeldingsfrist er 1. juni og pris er kr 2950 per person.

AVGJERD

Landskonferansen 19.-20. august 2014 vert ein sak på neste møte med følgjande forslag til avgjerd:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser på Landskonferansen som ein viktig arena og vel derfor å gje alle medlemene ein moglegheit til å delta. Rådet vedtek å delta med følgjande medlemar på Landskonferansen 2014:»

Sak 9/14 Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein invitasjon til ein Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø i regi av Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, KS og Husbanken.

Konferansen vert heldt den 8. mai på Clarion Hotell Admiral, deltakaravgift er 600 kr og påmeldingsfrist er 20. april.

AVGJERD

Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø vert ein sak på neste møte med følgjande forslag til avgjerd:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å delta på Konferanse om helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø med følgjande medlemar:»

Sak 10/14 Oversikt kurs og konferansar

Administrasjonen har byrja ein oversikt over dei konferansane rådet har verte invitert til. AU ønskjer å sjå ein oversikt over kva konferansar ein har delteke på, kva ein planlegg å delta på og økonomi i samband med dette.

AVGJERD

Oversikt kurs og konferansar vert ein sak på neste møte der ein presentasjon av kva kurs og konferansar som er aktuelle, kva ein har delteke på, og kostnadar ved desse.

Sak 11/14 Innspel frå FFO sine medlemsorganisasjonar om bybanen

På førespurnad frå Tore Svane sendte to medlemsorganisasjonar inn følgjande innspel til bybanen:

Frå Foreningen for muskelsyke Hordaland/Sogn og Fjordane:

«Som hyppig bruker av Bybanen, og medansvarlig for rapporten som NHF Bergen og NHF Sørvest utarbeidet om Bybanen etter åpningen av første byggetrinn i juni 2010 har jeg noen erfaringer:

Rømning/evakuering:

Mitt forslag er at når nye og lengre vognsett kommer i drift ved åpning av Bybanen til Flesland skal vognsettet ha skinner ombord til å evakuere rullestolbrukere. Har ikke opplevde det selv, men ser fra media at Bybanen har hendelser der passasjerene må forlate vognene utenfor perrongområdet. Skinner vil da kunne være til stor nytte ved evakuering av en stor og tung el.rullestol.

Reservert parkering ved av-/påstigning:

Parkeringsplassen ved Skjoldskiftet (4), Skjold (3) og Lagunen (7) oppmerkede HC-park.plasser.

Bor i området, og har inntrykk av at de står mye ubenyttet. Sitat fra Skyss sin nettside:

Som bevis på at du har gyldig PeriodeSkyss treng du ein oblat i frontruta på bilen din.

Oblatordninga gjeld måndag til fredag mellom kl 08.00-16.00 (06.00-18.00 på Os), ikkje helgedagar.

Elles er parkeringsplassane open for alle. Maksimal parkeringstid er 20 timar.

Oblatordninga gjør nok disse parkeringsplassene lite anvendelig for mange personer med nedsatt funksjonsevne som gjerne ikke skal parkere der hver dag, men mere på inpuls, alt etter vær, føre og dagsform. Mitt forslag er at det skal hold med HC-parkeringskort for å benytte HC-parkeringsplassene uansett dag og tid på døgnet. Skyss må fjerne krav om oblat på biler som har HC-parkeringskort. Kanskje vanskelig å kreve flere HC-park.plasser når de mest sannsynlig blir stående ubenyttet?

Innfesting av rullestol:

Pr. i dag er det ikke mulig med innfesting av rullestol i bybanevognene. Dette har vært etterlyst av brukere ved flere anledninger. En tung el.rullestol, gjerne med våte hjul vil ved en oppbremsing kunne gi en farlig situasjon hvis rullestolen kommer i bevegelse. Nye, større vognsett til Flesland med lang reisestrekning, er det viktig å få på plass mulighet for innfesting av rullestol.

Rullestol/barnevogn/bagasjeplass:

Kamp om disse plassene. For få plasser. Til tider kommer jeg som rullestolbrukere bare like innenfor dørene og blir stående i trafikken for passasjerne ut, og inn av vognen. Ubehagelig, lite hyggelig for medpassasjerer, og absolutt en sikkerhetsrisiko ved en evakuering.

Nye vognsett på ha enda flere plasser for rullestolbrukere/barnevogner.

Glipe/nivåforskjell mellom vogn og perrong:

Ansvarlig for byggetrinn 3 må påse at nivåforskjell og glipe mellom vogn og perrong prosjekteres, og bygges med minimum av kant og avstand.

Bybanevert:

Ett forslag som har vært luftet tidligere. D.v.s en ansatt som har sine arbeidsoppgaver i vognsettet. Vil ha en preventiv virkning i forhold til snikere (mindre behov for vektere til bill.kontroll), assistere ved evakuering og andre hendelser, hindre herværk og tilgrising, påse at reisende ikke samler seg ved, og blokerer dørene, at rullestolbrukere og barnevogner kommer frem til, og kan benytte anviste plasser. Assistere med sikring av rullestol for de som ønsker det, pluss andre serviceoppdrag til de reisende.»

Frå HLF Bergen:

«1. Mangler display med info om årsaker til plutselige stans, forsinkelser o.l. Dette ble lovet å være på plass i 2014 senest. Det som sies over høyttaler må også vises på display. (flytoget i Oslo klarer det?)

2. Dårlige høyttalere med ustabil lyd/skurring som gjør det vanskelig for alle å oppfatte hva som blir sagt.

3. Tilsvarende tekstmeldinger bør også kunne vises på displayene på den enkelte stasjon. (kan de få Clear channel til å betale det?)

4. Skrankeslynge MÅ og SKAL være på ALLE utsalgssteder, ikke nok at det kun er installert 1 sted (virker det, er det slått på?). Brudd på diskriminering og tilgjengelighetsloven?»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskja å sende innspela på vegne av RMNF for å gje dei meir tyngde. Tilbakemeldingane frå rådsmedlemene har vore for få til å kunne ta ein avgjerd.

AVGJERD

Innspel frå FFO sine medlemsorganisasjonar om bybanen vert ein sak på neste rådsmøte.

Sak 11/14 Årstad vgs – ledeliner

Eigedomsseksjonen har gitt eit svar til brevet rådet sendte angående ledeliner på Årstad vgs. Svaret er sendt til alle rådsmedlemar.

AVGJERD

Årstad vgs – ledeliner vert ein referatsak på neste rådsmøte.

Sak 12/14 Kollektivstrategi - høyringsuttale

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein invitasjon til å kome med ein uttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune. Frist for uttale er 11. april. Rådet har ikkje fleire møter før fristen.

AVGJERD

Kollektivstrategi – høyringsuttale vert ein sak på neste rådsmøte med følgjande forslag til avgjerd: «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein høyringsuttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune basert på innspel som kjem frå rådsmedlemene.»

Sak 13/14 Klimaplanen – høyringsuttale

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein invitasjon til å kome med ein uttale til rullering av Klimaplanen til Hordaland fylkeskommune. Frist for uttale er 23. april. Rådet har ikkje fleire møter før fristen.

AVGJERD

Klimaplanen – høyringsuttale vert ein referatsak til neste rådsmøte.

Sak 14/14 Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14. mai 2014

Leiar i Rådet for menneske med nedsett funksjonseven er på vegner av det felles vertskapet Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Universitetet i Bergen, invitert til festmøte og festmiddag for å feire Grunnlovsjubileet, 14. mai 2014.

AVGJERD

Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14. mai 2014 vert ein referatsak på neste rådsmøte.

Sak 15/14 Sakliste til rådsmøte 26. mars 2014

AVGJERD

Følgjande vert lagt til sakslista til neste møte:

Referatsakar:

- Årstad vgs – ledeliner, svar
- Invitasjon til jubileumsmiddag 14. mai 2014
- Møteprotokoll frå Troms
- Møtebok RMNF-AU 12.03.2014
- Større sakar til politisk handsaming våren 2014
- Økonomisk oversikt
- Klimaplanen - høyringsuttale

Politiske sakar:

- Årsmelding 2013
- Landskonferanse 19.-20. august 2014
- Konferanse for helsefremjande lokalsamfunn og nærmiljø
- Oversikt kurs og konferansar
- Innspel frå FFO sine medlemsorganisasjonar om bybanen
- Kollektivstrategi – høyringsuttale

Orienteringar:

- Opplæring- og helseutvalet
- Organisasjonavdelinga
- Kulturavdelinga

Til: Ingeborg Borgen Takle

Frå: Kjell Gjetle**Referanse**
2014/558-31**Dato**
13.02.2014

Årstad vidaregåande skule - ledelinjer

Viser til notat datert 8.1.2014 vedrørende ovennevnte.

Vi er nå i startfasen med å utarbeide en plan for skilting og universell utforming av hele Årstad Videregående skole. Planen skal være helhetlig og vise hvordan fremkommeligheten vil bli ivaretatt når skolen er ferdig renovert/utbygd og de tre bygningene er bygget sammen. Kravene til universell utforming er søkt ivaretatt i de delprosjektene som vi til nå har gjennomført, også med tanke på at skolen til slutt skal fremstå helhetlig med tanke på fremkommelighet for alle brukere.

Når vi nå går i gang med en helhetlig plan for universell utforming, herunder en skiltplan for skolen, vil vi ta med oss synspunktene i frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne når det gjelder ledelinjer for blinde og synshemmede. Dette vil vi også søke å ivareta i det nye mellombygget som nå er under bygging, og som vil bli ny hovedinngang for skolen.

Med hilsen

Kjell Gjetle
prosjektleder



Sjå eiga adresseliste

Dato: 24.02.2014

Vår ref.: 2014/12299-7 «REF»

Dykkar ref.:

Høyring av utkast til Klimaplanen for Hordaland 2014-2030

Fylkesutvalet vedtok 20. januar 2014 i sak nr. 31/2014 å senda utkast til klimaplan for Hordaland 2014-2030 på høyring. Klimaplan for Hordaland har status som regional plan i medhald av Plan- og bygningslova § 8-1.

Klimaplan for Hordaland 2010-2020 skal rullerast etter 4 år. Det er slått fast i Regional planstrategi 2012-2016. Rulleringsarbeidet starta opp etter at Fylkesutvalet vedtok planprogram i april 2013. Hovudvekt er lagt på energitemaet og tema om tilpassing til klimaendringar. Framlegg til ny klimaplan byggjer i stor grad på den førre planen, men alle kapitla er gjennomgått og justert, og det er nye målformuleringar på fleire tema.

Det vil bli arrangert høyringsmøte i mars 2014. Hovudmålgruppa for desse høyringsmøta er kommunane i Hordaland, men møta er opne for alle interesserte.

[Høyringsutkastet](#) er lagt ut på www.hordaland.no. Vi ber særleg om kommentarar og innspel på mål og strategidelen av planen, inkl. forslag til nye felles tiltak.

Kontaktperson er [Gudrun Mathisen](#), klima- og ressursseksjon i regionalavdelinga.

Høyringsfråsegner skal sendast seinast **23. april 2014** til:

E-post: regional@hfk.no

og/eller

Postadresse: Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Klima- og naturressursseksjonen
Postboks 7900
5020 Bergen

Tom Christer Nilsen
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Liste over høringsinstansane for utkastet til Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030:

Dersom lista inneheld feil eller manglar viktige aktørar ber vi om tilbakemelding.

Avinor
Bergen Arkitektforening
Bergen Arkitektskole
Bergen bolig- og byplanforening v/ Pelle Johnstad Engesæter
Bergen Næringsråd
Bergen og Omegn Boligbyggelag
Bergen og Omland Friluftsråd
Bergen og omland havnevesen
Bergen Reiselivslag
Bergen Sentrum
Bergen Tomteselskap as
Bergen Turlag
Bergen-Nordhordland Rutelag AS
Bergensalliansen
BI Bergen
Bioplan Norge AS
BIR
Bjørgvin bispedøme
BKK AS
Bremnes Sentrum AS
Business Region Bergen
Buskerud fylkeskommune
Bybanen AS
Bømlo Næringsråd
Christian Michelsen Institutt (CMI)
Christian Michelsen Research (CMR)
Det felles innvandrerrådet i Hordaland
EBA Vestenfjelske
Eidesvik Offshore ASA
Eldrerådet
Elkem Bjølvefossen
Energi Norge
ENOVA SF
Entra Eiendom Region Vestlandet
Etne Elektrisitetslag
FHL-havbruk avd Bergen
Finnås Kraftlag
Fiskeridirektoratet
Fitjar Kraftlag BA
Fjelberg Kraftlag
Fjellkraft AS
Fjord Noreg AS
Fjord1 Partner
FNF (Forum for natur og friluftsliv i) Hordaland
Forbrukerrådet i Bergen
Forsvarsbygg
Fortidsminneforeningen i Bergen og Hordaland
FosenNamsos Sjø AS
Framtiden i våre hender
FRIFO Friluftslivets fellesorganisasjon
Friluftsrådet Vest


Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Fusa Utvikling
Fylkesmannen i Hordaland
Gode sirklar
Greenpeace Norge
Gulen og Masfjorden Utvikling AS
Gulen Skyssbåtstasjon AS
Hardanger Vekst as
Hardangerrådet
Haugaland Kraft AS
Haugaland og Sunnhordland politidistrikt
Hordaland barne- og ungdomsråd
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
Hordaland Bondelag
Hordaland politidistrikt
Husbanken, Region Vest
Høgskolen i Bergen
Høgskolen Stord/Haugesund
IMDi Vest
Innovasjon Norge, Hordaland
Jernbanelinjen Region Vest
Kommunane i Hordaland (33)
KS Hordaland
Kunsthøgskolen i Bergen
Kvam Næringsråd
Kvinnherad næringsstasjon
L. Rødne & Sønner AS
Leirvik sentrumsforening
LO distriktskontor i Hordaland
MERKUR-programmet
Modalen-Eksingedalen billag AS
Mongstad Næringsstasjon
NAF Bergen og omegn
NAF Hardanger
NAF Nordhordland
NAF Voss og omland
Nasjonalforeningen for folkehelsen, Fylkeskontoret Hordaland
Natur og ungdom Hordaland
Naturvernforbundet Hordaland
NAV Hordaland
Nettbuss AS
NHO Hordaland
Nobina Norge AS
Norges forskningsråd v/ regional representant for Hordaland
Norges Handelshøyskole
Norges Miljøvernforbund
Norges Taxiforbund avd Bergen
Norges Taxiforbund avd Hordaland
Norges vassdrags- og energidirektorat
Norled AS
Norsk Bolig og byplanforening
Norsk Sentrumsutvikling
NSB as
Næringsalliansen i Hordaland

Næringshagen i Odda
Olav Thon Gruppen
Osbus AS
Osterfjord Nærings samarbeid
Osterøy Pendlarlag
Posten as
Regionrådet Nordhordland
Regionrådet Vest
Rogaland fylkeskommune
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Sartor Holding
SNU
Sogn og fjordane fylkeskommune
Statens vegvesen Region Vest
Statsbygg Region Vest
Stor-Bergen Boligbyggelag
Stord Boligbyggelag AL
Stord Næringsråd
Syklistenes landsforening, Bergen og omegn
Telemark fylkeskommune
Tide Buss AS
TurBuss Vest AS
Tysnes Næringsråd
Ungdommens fylkesting
Universitetet i Bergen v/ geografisk institutt, region- og regionalisering
Vaksdal Nærings selskap
Vestbo
Virke
Voss Interaktive Næringsvugge
Voss Næringshage
Voss Sentrum
Wergeland AS



FESTMØTE & FESTMIDDAG

14. mai 2014
Korskirken kl 18
Grand Selskapslokaler kl 20



Historiske taler frå 1814
Kommentarar og musikalske innslag

Festmeny inspirert av 200 år i Hordaland
Antrekk: bunad/pent
Vi ber om svar innan 5.mai

Felles vertskap
Hordaland fylkeskommune
Bergen kommune
Universitetet i Bergen
Hjarteleg velkomen!



GRUNLOVSJUBILEET 1814-2014



Vyrde gjest

Det er ei glede for oss å invitere deg personleg til



Korskirken i Bergen, 14. mai klokka 18

I samarbeid med Den Nationale Scene skal seks taler frå 1814 framførast. Dei seks talene vart framførte av representantar frå Bergen by og Søndre Bergenhus amt (Hordaland). Forskarar frå UiB vil kommentere talene og det vert musikalske innslag.

Les meir her: <http://www.uib.no/grunnlovsjubileet2014/48472/festmøte-om-grunnloven>



Grand Selskapslokaler, 14. mai klokka 20

Historisk festmeny for Hordaland, taler og kunstnarlege innslag.

Vi ser fram til ei høgtidsstemt feiring av Grunnlovsjubileet saman!

Vi ber om svar innan **5.mai** og påmelding på denne lenkja:

<https://skjemaker.app.uib.no/view.php?id=425180>

Antrekk: bunad/pent

Felles vertskap for festmøtet og festmiddagen er Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Hjarteleg velkomen!

Bergen, 10. mars 2014

Mona H. Hellesnes

Fylkesvaraordfører i Hordaland

Trude H. Drevland

Ordfører i Bergen

Dag Rune Olsen

Rektor Universitetet i Bergen



DRIFT for M A R S 2014

Revidert budsjett
R4/(1000 kr.)

Ansv.sted: 100320 Fylkesrådet for funksj.hemma Leder :

Konto	Regnsk. Måned	Budsj. Måned	Avvik Måned	Regnsk. Hittil	Budsj. Hittil	Avvik Hittil	Regnsk. mnd.ifjor	Regnsk. hit.ifjor	Budsj. 2014
-------	------------------	-----------------	----------------	-------------------	------------------	-----------------	----------------------	----------------------	----------------

Kostnader:

10630 Anna trekkpliktig løn									
10800 Fast godtgjersle til politis		13	13		39	39			145
10810 Møtegodtgj. politisk arbeid	4		-4	8		-8	6	6	
10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe	6		-6	13		-13	12	14	
10821 Tapt arb.fortenese pol.arb m				4		-4	4	4	
10990 Arbeidsgjevaravgift	2	2		6	5	-1	3	5	20
11000 Budsjettfordeling		20	20		59	59			235
11150 Bevertning/ Matvarer				2		-2			
11231 Møteutgifter				1		-1			
11401 Gåver				5		-5			
11600 Bilgodtgjersle, oppgåveplikt	1		-1	3		-3	3	3	
11610 Kostgodtgjersle, oppgåveplik	1		-1	2		-2	2		
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgåve	4		-4	6		-6	2	2	
14290 MVA utanfor mva-loven				1		-1			
SUM Kostnader:	18	35	16	50	104	54	32	34	400

Inntekter:

17290 Kompensert mva.				-1		1			
NTO DRIFT	18	35	16	49	104	55	32	34	400
NETTO Fylkesrådet for funksj.hemma	18	35	16	49	104	55	32	34	400



MØTEPROTOKOLL

Fylkesrådet for funksjonshemmede

Møtested: Fylkeshuset i Tromsø, møterom 7, 2. etasje

Møtedato: 27.11.2013

Varighet: 10:30 – 14:30

TIL STEDE PÅ MØTET:

Navn	Parti	Rolle	Møtt for
Hugo Salomonsen	AP	Leder	
Jermund Prestbakmo	FFO	Medlem	
Randi Nilsen	FFO	Medlem	Mildrid Pedersen
Hanna Borch Johansen	SAFO	Medlem	
Claudia Pedersen- Ibarra		Etatsrepr.	Britt Cristine Mathisen
Arne Meyer		Etatsrepr.	

FORFALL:

Navn	Parti	Rolle
Karl Idar Nysted		Servicekontoret for funksjonshemmede
Hanne C.S. Iversen	Frp	Nestleder
Mildrid Pedersen	FFO	Medlem
Britt Cristine Mathisen		Etatsrepresentant

Fra adm. (evt. andre):

Heidi S. Leonhardsen Sekretær

Innkalling: Godkjent

Saksliste: Godkjent

Merknader: Saker under «Eventuelt» tas med i protokollen.

Behandlede saker: 21/13 – 26/13

SAKSLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel	Gradering
21/13	13/3527-7 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA MØTE 1.10.2013	
22/13	13/12703-1 FYLKESRÅDET FOR FUNKSJONSHEMMEDE - MØTEPLAN 2014	
23/13	13/6898-8 LANDSKONFERANSE 2014 - RÅD FOR MENNESKER MED NEDSATT FUNKSJONSEVNE, VEST-AGDER?	
24/13	13/11368-2 HØRING OM AUTORISASJON AV MANUELLTERAPEUTER	
25/13	13/3438-7 BUDSJETT 2013 - REGNSKAPSRAPPORT PR. 1. NOVEMBER 2013	
26/13	13/3442-7 REFERATSAKER	

ORIENTERINGSSAKER

Leder i FFF orienterte fra konferansen for nord-norske fylkeskommunale råd i Bodø 11. – 12. november. Tema for konferansen var «Tilgjengelighet på festivaler». FFF ønsker å reise spørsmål vedrørende kriterier for slik offentlig støtte.

Det ble også drøftet om aktivitet i de kommunale råd. Det ble enighet om å kartlegge kontakt mot kommunale råd. Nordland fylkeskommune utformer kartlegging.

Leder i FFF orienterte også fra møte i Harstad den 7. november. Referat fra møte ble utdelt.

EVENTUELT

Skolestruktur i Troms ble drøftet og det ble enighet om at FFF skulle gi uttalelse om dette.

Tema om teleslynge på legekantor ble også drøftet og det ble foreslått å lage skriv og sende de kommunale rådene.

BEFARING PÅ FYLKESHUSET - Universell utforming/tilgjengelighet

Det ble foretatt befaring på fylkeshuset vedr. ovennevnte.

Tilstede var: Fylkesrådet for funksjonshemmede, Blindeforbundet, Troms fylkeslag av Hørselshemmedes landsforb., fylkesordfører, ass. stabssjef Jan Inge Hille, overingeniør Harald Liatun.

21/13

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA MØTE 1.10.2013**Innstilling:**

Protokoll fra møte i fylkesrådet for funksjonshemmede den 1.10.2013 godkjennes.

Behandling:

Innstillingen vedtatt.

Vedtak:

Protokoll fra møte i fylkesrådet for funksjonshemmede den 1.10.2013 godkjennes.

22/13

FYLKESRÅDET FOR FUNKSJONSHEMMEDE - MØTEPLAN 2014**Innstilling:**

Fylkesrådet for funksjonshemmede vedtar følgende møteplan for 2014:

Behandling:

Saken ble drøftet i møte og følgende møtedatoer ble foreslått:

Uke 11:	11. mars 2014
Uke 23:	03. juni 2014
Uke 40:	30. september 2014
Uke 48:	25. november

Forslaget ble vedtatt.

Vedtak:

Fylkesrådet for funksjonshemmede vedtar følgende møteplan for 2014:

Uke 11:	11. mars 2014
Uke 23:	03. juni 2014
Uke 40:	30. september 2014
Uke 48:	25. november

23/13

LANDSKONFERANSE 2014 - RÅD FOR MENNESKER MED NEDSATT FUNKSJONSEVNE, VEST-AGDER?**Innstilling:**

1. FFF går inn for at landskonferansen 2014 for fylkeskommunale råd for likestilling av funksjonshemmede legges til Kristiansand, Vest-Agder fylke 19. og 20. august 2014.
2. FFF har følgende forslag til tema:

Behandling:

Saken ble drøftet i rådet og følgende tema ble foreslått: «hverdagsrehabilitering» og tilgjengelighet om vinteren.

Vedtak:

1. FFF går inn for at landskonferansen 2014 for fylkeskommunale råd for likestilling av funksjonshemmede legges til Kristiansand, Vest-Agder fylke 19. og 20. august 2014.
2. FFF har følgende forslag til tema: «hverdagsrehabilitering» og tilgjengelighet om vinteren.

Utskrift:

- Vest-Agder fylkeskommune

24/13

HØRING OM AUTORISASJON AV MANUELLTERAPEUTER**Behandling:**

Fylkesrådet for funksjonshemmede slutter seg til departementets samlede vurdering og forslag.

Vedtak:

Fylkesrådet for funksjonshemmede slutter seg til departementets samlede vurdering og forslag.

Utskrift:

- Helse- og omsorgsdepartementet

25/13

BUDSJETT 2013 - REGNSKAPSRAPPORT PR. 1. NOVEMBER 2013**Innstilling:**

Fylkesrådet for funksjonshemmede tar saken til orientering.

Behandling:

Fylkesrådet for funksjonshemmede vil skrive et notat til fylkesordfører som går på de økonomiske rammene til rådet vedrørende aktivitet i 2014.

Vedtak:

Fylkesrådet for funksjonshemmede tar saken til orientering.

Fylkesrådet for funksjonshemmede vil skrive et notat til fylkesordfører som går på de økonomiske rammene til rådet vedrørende aktivitet i 2014.

26/13

REFERATSAKER

Innstilling:

Referatsakene tas til orientering.

Behandling:

Innstilling vedtatt.

Vedtak:

Referatsakene tas til orientering.

1. Lyngen kommune, møteprotokoll fra møte 05.11.13, Lyngen råd for folkehelse
2. Balsfjord kommune, møtereferat fra møte 28.10.13, Kommunalt Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne
3. Målselv kommune, møteprotokoll fra møte 30.09.13, Kommunalt råd for likestilling av funksjonshemmede
4. Nord-Trøndelag, møteprotokoll fra møte 25.09.13, Rådet for likestilling av funksjonshemmede i Nord-Trøndelag
5. SOR-rapport 5/13– se www.samordningsradet.no

